



Samferdselsdepartementet
Transport- og kommunikasjonskomitéen på
Stortinget

Dato: 10.10.2017
Vår ref.: 2017/16059-1
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Uttale frå Hordaland fylkesting om miljøkrav på kommersielle ruteløyve

Hordaland fylkesting har i møte 04.10.2017 vedteke slik uttale:

«Endring i lova/retningsliner slik at fylkeskommunen kan setja miljøkrav på kommersielle ruteløyve

Det er som følgje av ei avklaring frå Samferdselsdepartementet ikkje heimel for å setje miljøkrav til kommersielle ruteløyve. Dette er svært uheldig for å få ned klimautsleppa og for å nå måla i klimaplanen. Det er snakk om heilt overkommelege krav til best mogleg teknologi.

Det er og uheldig i høve til at det er lov i ordinære fylkeskommunale anbod, men ikkje i kommersielle.

Hordaland fylkeskommune ber dei ansvarleg myndigheiter gripe fatt i dette og leggje frem ein sak for Stortinget om å endre yrkestransportlova slik at det vert mogleg å stille miljøkrav til kommersielle ruteløyve.»

Med helsing

Pål Kårbø
fung. fylkesordfører

Kopi til:

Magne Rommetveit, Stortinget
Ove Trellevik, Stortinget
Nils T.Bjørke, Stortinget
Audun Lysbakken, Stortinget
Terje Breivik, Stortinget
Knut Arild Hareide, Stortinget